

Fleire Fargar Meland

Prosjektet «Fleire Fargar Meland» byggjer på konseptet og pedagogikken til Fargespill gjennom lisensavtale med Fargespill. Prosjektet er forankra i tenesteområdet kultur ved Frivilligsentralen.

Fargespill (og Fleire Fargar) er eit multikulturelt kunstprosjekt der born og ungdom frå heile verda, inkludert Noreg, medverkar i ei musikalsk førestilling. Dei fleste av barna og ungdomane er komne til Noreg som flyktningar og asylsøkjjarar. Det er desse unge, lovande aktørane som er grunnstamma i Fargespill.

Fargespill er musikalske møte med unge menneske og deira historie om kven dei er, kor dei kjem frå, avdekka gjennom musikk og dans frå deira respektive land. Musikken og kunsten er i fokus, og det gamle sosiale ritual med utveksling av gåver er eit sentralt prinsipp. Vi gir kvarandre det beste som vår respektive kultur har gjeve oss. Kunstskattar i form av song og dans som representerer identiteten vår og som vi kan vera stolte av.

Hovedmålet til prosjektet «Fleire Fargar Meland» er å skapa ei framsyning der flyktningar/innvandrarar/norske barn og ungdomar presenterer sin kulturarv. Framsyninga skal tuftast på lokal og nasjonal folkemusikk og folkemusikk flyktningane og invandrarborna har med seg frå sine land. «Fleire Fargar Meland» kan legge grunnlag for framtidige «Fleire Fargar»-prosjekt i Alver kommune.

Vi er mange som skal jobbe med å lage sjølve framsyninga, både frivillige og tilsette i kommunen, td. I kulturskulen. Men viktigast av alt no, er innsamling av skattane vi har med oss kvar og ein. Utan songane våre, dansane våre, har vi ikkje noko å vise fram!

Eg, Kristine skattejakt og Meland. Eg flyktninge- og del i songar og treng eg å få slik at eg får overlevert ungdomane vil læra andre born og ungdomar sine songar og dansar slik at vi får ei fantastisk framsyning av alle kulturskattane våre!



Fluge, er så heldig å ha fått i oppgåve å gå på samle inn songar og dansar frå dykk som bur her i ønskjer å besøke skular og treffe born og unge med innvandrarbakgrunn for å syngje saman og kanskje få dansar som dei har med seg frå heimlanda sine. Då gjera lydopptak, og det aller beste også filmopptak hugsar både namn og ansikt på dei eg snakkar med og songar og dansar frå. Og så håpar eg at borna og vera med på å framføra songane og dansane sine, og

Når eg samlar inn songar, vil eg nok heilt sikkert samle inn meir enn vi kan bruke, men alt vil bli samla og oppbevart til forhåpentleg framtidige prosjekt.

På You Tube finn de fleire videoar frå Fargespill Bergen, Oslo, Trondheim osv. og Fleire Fargar/Flere Farger. Her er nokre linkar:

<https://www.youtube.com/watch?v=9amfoA3vBQk> (Fargespill)

<https://www.youtube.com/watch?v=TZMBVzQdelk> (Fleire Fargar)

Med venleg helsing

Kristine Fluge mobil: 90120426 epost: k-fluge@online.no